

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 14. februar 2007, kl 1600 – kl 1815

Stad: Helse Vest, Forus, Stavanger

Ø

Møtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	01/07 B	Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 13. desember 2006
Sak	02/07 B	Revisjonsplan 2007 - 2009
Sak	03/07 B	Årsrapport 2006 Internrevisjonen i Helse vest RHF
Sak	04/07 O	Status revisjonsprosjekt
Sak	05/07 B	Møteplan for Kontrollkomiteen
Sak	06/07 O	Orientering frå internrevisor
Sak	07/07 O	Analyse av Samdata, Psykiatri
Sak	08/07 O	Eventuelt

Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen
Helge Espelid
Reidun Korsvoll

Deltakarar frå administrasjonen:

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Sekretær for kontrollkomiteen:

Statsautorisert revisor Gunnar Hoff (ref.)

Sak 01/07 B

Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 13. desember 2006

Kommentarar.

Protokollen var på førehand distribuert på mail til komitemedlemmene.

Protokollen vart gjennomgått. Enkeltsaker vart kommentert under gjennomgangen av protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 13.12.2006.

Sak 02/07 B

Revisjonsplan 2007 - 2009

Utkastet til plan for 2007 vart gjennomgått og drøfta i møte i kontrollkomiteen i desember 2006. Det vart vedteke å leggja planen fram for administrerende direktør i Helse Vest RHF for uttale. Leiargruppa i RHFet har handsama revisjonsplanen og kommunisert sine synspunkt / innspel til internrevisor. Internrevisor presenterte ei oppstilling over prosjektforslaga frå administrasjonen opp mot forslaga frå kontrollutvalet, og kom med forslag til ein omforent plan.

Kontrollutvalet drøfta prosjektomfang og prioriteringar med utgangspunkt i dei forslaga som var fremja og samla seg om ei felles prioritering av prosjekt for 2007.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner revisjonsplanen for 2007 – 2009 med dei prioriteringar som vart vedtekne i møtet.

Sak 03/07 B

Årsrapport 2006 frå internrevisjonen i Helse Vest RHF

I samsvar med instruks for internrevisjonen, har internrevisjonen utarbeidd ein årsrapport til kontrollkomiteen. Den vedlagte årsmeldinga er ei oppsummering av dei hovudaktivitetane internrevisjonen har vore engasjert i. Sidan 2006 er første årsrapport etter etablering av internrevisjon i Helse Vest er det også tatt med aktivitetar i 2005.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollutvalet godkjenner årsrapporten frå internrevisjonen.

Sak 04/07 O

Status revisjonsprosjekt

Internrevisor orienterte om status på prosjektet Sjukefråvær, mellom anna omfang, observasjonar og funn. Det er planlagt å senda delrapportar til det einskilde føretak for kvalitetssikring / uttale i veke 9. Etter tilbakemelding frå føretaka vil det bli utarbeidd ein samla rapport til Helse Vest RHF.

Prosjektplanen for prosjekt Styringssystem er handsama av RHF leiinga, og ein omforent plan er utarbeidd. Prosjektet vil bli starta opp i byrjinga av mars.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tar statusrapporteringa til orientering.

Sak 05/07 B

Møteplan for kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen skal årleg leggja fram ein plan for arbeidet.. Det framlagde forslaget til plan vart drøfta. For 2007 legg kontrollkomiteen opp til fire ordinære møter og med fokus på dei tema / sakstypar som framgår av planen. Kontrollkomiteen vil ta stilling til trongen for fleire møter dersom det skulle visa seg å vera behov for det.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner planen for 2007.

Sak 06/07 O

Orientering frå internrevisor

Internrevisor orienterte om:

1. Hovudinnhald og erfaringar frå Kontaktmøte med Riksrevisjonen 6. februar 2007. Møtet vart gjennomført etter initiativ frå Riksrevisjonen og føremålet var mellom anna gjensidig informasjonsutveksling, og drøfting av prioriteringar, risikovurderingar og moglege samordningseffektar.

2. Saker frå nettverksmøte for internrevisorar i RHFa 9.januar 2007. På dette møtet var informasjon om revisjonsprosjekt i regionane hovudtema, og korleis ein gjennom nettverket kunne utvikla det faglege samarbeidet framover.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tek orienteringa til etterretning.

Sak 07 / 07 O

Analyse av Samdata, Psykiatri

Kontrollkomiteen fekk presentert ei analyse som internrevisjonen hadde gjort av Samdata, Psykisk helsevern, sektorrapport 2005. Analysen omfatta nøkkeltal og indikatorer for Helse Vest, i forhold til nasjonale tal, og samanlikna med andre regionar og institusjonar. Analysen indikerer at Helse Vest på nokre områder har utfordringer.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tek rapporten til etterretning.

Sak 08 / 07 O

Eventuelt

Tilsetjing av internrevisor

Kontrollkomiteen vart orientert om status i saka.

Nasjonalt møte

Leiaren i kontrollkomiteen tek ansvar for å kontakta HOD med sikte på å få lufta interessa for å arrangera eit fellesmøte / seminar for kontrollkomiteane i alle helseregionane.

Gunnar Hoff
Referent

Bergen, 14. februar 2007

Svein Andersen
Leiar

Reidun Korsvoll

Helge Espelid